



”SILDELOTTERIET” – fangstprøver på ein ny måte

Foto: Erlend A. Lorenzen

Av Håkon Otterå

Frå januar 2018 byrja Havforskningsinstituttet å «bestilla» fangstprøver av sild frå fiskeflåten ved hjelp av den elektroniske fangstdagboka som alle fiskefartøy over 15 meter brukar. Stikkprøver frå fangstane vert tekne i alle dei viktigaste fiskeria for å berekna kor mange individ det vert fiska frå kvar årsklasse.

Det å kunna bruka den elektroniske fangstdagboka til å velja ut stikkprøver er ei stor forbedring når det gjeld det statistiske utvalet, men det vil òg forenkla den praktiske gjennomføringa av prøvetakinga.

ÅRSKLASSE

Å vita kor mange individ som vert fiska av ein kommersiell fiskeart – fordelt på aldersgruppe, er nøkkelinformasjon som vert brukt i berekninga av storleiken på bestanden. Data frå Fiskeridirektoratet gjev oss påliteleg oversikt over landa kvantum i tonn årleg, men for å rekna det om til antal individ per aldersgruppe må vi i tillegg ta stikkprøver frå fangstane. Prøvene vert analyserte for å bestemme alder, storleik m.m. på fisken, og gjev oss grunnlag for at vi kan rekne om frå tonn til antal per aldersklasse. Dette vert gjort

for alle dei viktigaste kommersielle fiskeartane der vi kjem med kvoteråd.

TILFELDIG UTVAL

For at desse berekningane skal vera mest mogeleg korrekte, er det viktig at det vert analysert fangstprøver frå eit tilfeldig utval av fangstane. For sild har vi i nært samarbeid med Fiskeridirektoratet, og i dialog med representantar frå næringa, endra måten vi vel ut kva fangstar det bør takast prøve frå. Ein liten modifikasjon av den elektroniske fangstdagboka gjer at når skipper registrerer fangsten i dette systemet, vil han i løpet av få minutt få ein tilbakemelding frå fangstdagboka om Havforskningsinstituttet ønskjer ein prøve av akkurat denne fangsten eller ikkje, basert på anerkjente prinsipp for utvalsundersøkingar. I så tilfelle ber vi om at ein kasse med sild vert lagt i frysen og teke med til land for vidare levering til instituttet.






LODDTREKKING

Den viktigaste nyvinninga med dette systemet er at fangstmeldinga som skipper sender, vert analysert i tilnærma sanntid av ein datamaskin ved HI som automatisk «trekker lodd» om vi ønskjer prøve eller ikkje, og sender tilbakemelding. Storleiken på fangsten avgjer oddsen for om vi treng ein prøve eller ikkje. Dette er ein statistisk sett tilnærma optimal måte å fordela fangstprøvene i tid og rom blant alle dei mange hundre fangstane som vert tekne av sild gjennom eit år. I tillegg vil det redusere arbeidet for både fiskarar og forskarar ved at berre prøver som skal analyse-rast treng sendast inn. Tidlegare har vi bestilt mange prøver frå fartøy og mottaksanlegg og gjort utvalet etter at dei var leverte til HI.

OGSÅ ANDRE FISKESLAG

Sildelotteriet starta opp 1. januar 2018, men då berre for fartøy som hadde elektronisk fangstdagbok levert av iFisk. Frå årsskiftet 2019 reknar vi med at dei to andre leverandørane av elektronisk fangstdagbok også har oppdatert sin programvare. Vi tenker å ta i bruk denne metoden også for andre fiske-slag, og reknar med å inkludere fiske etter kolmule frå neste årsskifte.

Figur 1: Oversikt over aldersfordelinga til nokre av fangstane av nvg-sild som vi fekk inn i vinter.



HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

Nordnesgaten 50
Postboks 1870 Nordnes
NO-5817 Bergen
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 55 23 85 31

www.hi.no

AVDELING FOR SAMFUNNSKONTAKT OG KOMMUNIKASJON

E-post: samkom@hi.no

KONTAKTPERSONER:

Håkon Otterå
Tlf.: 950 65 792
E-post: haakon.otteraa@hi.no

Jens A. Wathne
Tlf.: 995 68 688
E-post: jens.wathne@fiskeridir.no

Aril Slotte
Tlf.: 995 19 782
E-post: aril@hi.no

Jon Helge Vølstad
Tlf.: 469 29 039
E-post: jonhelge@hi.no

Jostein Røttingen
Tlf.: 452 51 951
E-post: jostein@hi.no

Bjørn Vidar Svendsen
Tlf.: 906 18 577
E-post: bjoernv@hi.no

www.hi.no/lofangstprover



Foto: Erlend A. Lorenzen